

# Hjelmeland barnehage

## Årsplan 2019-2020



### Innledning

Hjelmeland barnehage er ein kommunal 7 avdelings barnehage fordelt på to separate bygg og uteleikeplassar, men ligg tett ved kvarandre.

Toddlertoppen: 0-3 år, inneholder 3 avdelinger med til sammen 30 plassar.  
Inneværende barnehageår er det 19 barn.

Nøtteskogen: 3-6 år, inneholder 4 avdelinger med til sammen 64 plassar.  
Inneværende år er det 43 barn

Barnehagen ligg i nær tilknytning til barne- og ungdomsskule og idrettsanlegg.  
Dessutan har vi gangavstand til Hjelmeland sentrum med bank, bibliotek,  
omsorgsenter, kommunehus og butikker. I tillegg har barnehagen fine høve for  
turar i et flott naturområde.

### **Toddlertoppen 0-3 år**

Assisterande styrar: Brit Hauge Apeland tlf.40439195

Løvetann 9 barn tlf.40439192

Pedagogisk leiar: Siv Iren Moen Hausken 100%

Fagarbeidar: Kari Synnøve Vårvik 100%

Fagarbeidar: Mona Byrkja 80%

Miljøterapeut: Kristin Randa Rognlien 100%

Assistent: Solveig Hetland 40%

**Solsikkå** 10 barn tlf.40439193

Pedagogisk leiar: Hilde Pedersen Meland 100%

Fagarbeidar: May Helen Bjørnfeld Nybø 100%

Assistent: Liv Laugaland 80%

Assistent: Solveig Hetland 20%

### **Nøtteskogen 3-6 år**

Styrar: Margrethe Førre tlf.40439190

**Bøkehemsen** 15 barn tlf.40439188

Pedagogisk leiar: Judith Bergøy 100%

Barnehagelærar: Helga Havnerås 100%

Fagarbeidar: Bjørn Olav Dale 100%

Fagarbeidar: Anne Tjeltveit 60

**Hasselnøtt** 11 barn tlf.40439187

Pedagogisk leiar: Kathrine Mikalsen 100%

Fagarbeidar: Berit S. Søyland 80%

Fagarbeidar: Anne Tjeltveit 20%

**Eikenøtt** 17 barn tlf.40439186

Pedagogisk leiar: Torill Dale Alveberg 100%

Fagarbeidar: Else Mæle 100%

Fagarbeidar: Zakia Kassimi 100%



## Barnehagane i Hjelmeland

Det beste for barnet



Illustrasjon: Judith Bergøy

### FELLES VISJON:

#### «DET BESTE FOR BARNET»

Alle tilsette i alle barnehagane i Hjelmeland kommune har fokus på «det beste for barnet». Me ønskjer å gje barna gode og trygge opplevingar, ut i frå deira eigne føresetnadar og utvikling.

### FELLES VERDIAR:

Vår visjon og våre verdiar er barnehagane si rettesnor i det daglege arbeidet, både i forhold til det me seier, gjer og vektlegg i eit dagleg samspel med barna, foreldra og medarbeidarar.

Barnehagane sine felles verdiar er «**Respekt, Omsorg og Tryggleik**» = **ROT**.

Me vil gje barna «røter»;

- gjere dei trygge på seg sjølv og i samspel med andre
- vere med å gje eit positivt grunnlag for danning og utvikling

**RESPEKT:** Ein skal lære å sjå både seg sjølv og andre som verdifulle menneske, og å vere tolerant. I respekt legg ein både sjølvrespekt, det å verdsetje seg sjølv, og å vise respekt for andre. Me skal respektere at me er ulike, og verdsetje det i ord og handling. Barn si medverknad er viktig. Kvart einskild barn skal bli tatt på alvor og verte lytta til.

**OMSORG:** Barna skal verte møtt med nærliek, kjærlek, varme og merksemd! Dei vaksne i barnehagen er trygge, tydelege og kompetente vaksne. Utvikling og ivaretaking av gode relasjoner er viktig, både mellom vaksen og barn, mellom barna og mellom dei vaksne.

**TRYGGLEIK:** Barnehagen skal vere ein god og trygg stad å vere! Barna skal verte trygge både på seg sjølv og i samspel med andre.

Gjennom desse felles verdiane «**Respekt, Omsorg og Tryggleik**» vil me sjå og møte kvart einskild barn der det er, for barnet sitt beste! I tillegg skal humor, glede, leiklyst, læring og engasjement fylle kvar dagen i barnehagen. Dette vil vere av betydning både for barnet si sjølvkjensle, psykiske helse og for førebygging av mobbing. Tidleg innsats er viktig, og åra i barnehagen legg grunnlaget vidare! ☺



Ann-Cathrin Berge Kleppa,  
Oppvekstrådgjever

# **Verdigrunnlaget til barnehagen**

## **Rammeplanen kap.1**

Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng.

Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik.

## **Barns medverknad**

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen.

### **Personalet skal:**

- Stimulera barna til å tenkje sjølv og oppmuntra dei til å uttrykkje tankar og meiningar.
- Samtala med barna enkeltvis og i grupper
- Vere lydhøre og anakjennande over kva barna er opptekne av her og nå, og byggje vidare på det.
- Ta barnas følelser på alvor
- God kommunikasjon med føresette om kva barna er opptekne av.

## **Foresattes medvirkning**

**Samarbeidsutvalet (SU)** er lovpålagt og består av 2 foreldre/føresette og 2 tilsette. Styrar er sekretær.

**Foreldrerådet** består av alle foreldre/føresette og kan ha eigne møter dersom det er ønskjeleg.

Det blir valg ein foreldrerepresentant for kvar avdeling på hausten, for 2 år om gongen.

Medlemmene til SU blir valt på fyrste foreldrerepresentant møte på hausten, og for 2 år om gongen.

Vi har minst eit møte i halvåret, fleir dersom det dukker opp saker.

Vi samarbeider om ulike arrangement og SU skal godkjenne Årsplanen.

Viktigast er den daglege kontakten ved bringing og henting.

Samtale timar og foreldremøter

Den årlege brukarundersøkjelsen

## **Barnehagens satsingsområder**

**Eit inkluderande miljø for omsorg, leik, læring og danning.**

Rammeplanen kap.3

I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskarrang. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng, og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

### **Omsorg**

I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtta dei har behov for.

**Personalet skal:**

- Møte barnet med blikket
- Inntone seg og speile barnet
- Vere større, sterkare, klokare og god
- Vere bevisst på tryggheitssirkelen
- Dele barna i mindre grupper i kjernetida

### **Leik**

Leiken skal vere ein arena for glede, humor, spenning, utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.

### **Personalet skal:**

- Støtte, lede og oppmuntre barna i leik
- Vere aktive og deltagande i leiken, slik at alle barn blir innkludert
- Løfte leiken med humor, begeistring og anerkjennning
- Vere ein trygg base for barna i leiken

### **Danning**

Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.

### **Personalet skal:**

- Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet
- Synleggjere og verdsetje ulike behov, meningar og perspektiv i fellesskapet
- Synleggjere og framheve mangfald og ulikskap som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring

### **Læring**

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre.

### **Personalet skal:**

- Støtte og bidra til barnas initiativ, undring, nyfikenhet, kreativitet, lærelyst og tiltru til eigne evner
- Støtte barnas refleksjonar rundt situasjonar, tema og fenomen og skape forståing og mening saman med dei
- Vere merksame på interessene og engasjementet til barna og leggje til rette for læring i ulike situasjonar

### **Barnehagen som pedagogisk verksemd.**

Rammeplanen kap.7 og 8

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk. Planlegging må vere basert på kunnskap om trivsel til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe.

### **Planlegging, vurdering og dokumentasjon**

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen.

### **Personalet skal:**

- Lage periodeplanar/månadsplanar/vekeplanar/månadsbrev og evaluera desse
- Kartleggje og observera enkeltbarn og gruppe fortløpande
- Kartleggje og observera personalets arbeid
- Gjennom dokumentasjon vise prosessar gjennom bilde og ord på avdelinga og IST
- Bruke verktøya: Språkløyper, Mitt val, Vere saman, COS, Alle med, Tras □  
Følgje årsplan, årshjul og kompetanseutviklingsplan

### **Arbeidsmåtane til barnehagen**

Arbeidsmåtane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barn høve til å medvirke.

Arbeidsmåtane kan bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gir rom for å tilføre nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til leik, aktivitetar og læring. Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring.

### **Personalet skal:**

- Ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen og ved val og gjennomføring av tema og prosjekt

- Veksle mellom spontane og planlagte aktivitetar
- Gi barna varierte inntrykk og høve til å uttrykkje seg på forskjellige måtar
- Arbeide tverrfagleg og heilskapleg og sjå dei ulike delane i rammeplanen i samanheng
- Jamleg vurdere om val av arbeidsmåtar bidreg til å realisere rammeplanen
- Bidra til at barna får meistringsopplevelingar, samtidig som dei har noko å strekkje seg etter
- Sørgje for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr - og gjere desse tilgjengelege for barna

## Fagområda

Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Rammeplanen kap.9

- **Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Bruker språket til å skape relasjoner og delta i leik, og som reiskap til å løyse konfliktar
  - Vidareutviklar omgrepsforståinga og bruker eit variert ordforråd
  - Opplever spenning og glede ved høgtlesing, forteljing, song og samtale
  - Utforskar og gjer seg erfaringar med ulike skriftspråklege uttrykk, til dømes leikeskrift, teikning og bokstavar, gjennom lese- og skriveaktivitetar
- **Gjennom arbeidet med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringer, inne og ute, året rundt
  - Bli kjende med eigne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald
  - Blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine eigne kjensler
  - Set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser
  - Får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid

- **Gjennom arbeidet med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
  - Brukar fantasi, kreativ tenking og skaparglede
  - Bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
  - Kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturele tilhøyrslle
- **Gjennom arbeidet med natur, miljø og teknologi skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Får oppleve og utforske naturen og mangfaldet i naturen
  - Får oppleve, utforska og eksperimentere med naturfenomen og fysiske lover
  - Får kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lære av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen
- **Gjennom arbeid med mengd, rom og form skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Oppdagar og undrar seg over matematiske samanhengar
  - Utviklar forståing for grunnleggjande matematiske omgrep
  - Leiker og eksperimenterer med tal, mengd og teljing og får erfaring med ulike måtar å uttrykkje dette på
  - Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing
  - Undersøkjer og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på forskjellige måtar
- **Gjennom arbeidet med etikk, religion og filosofi skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Får kjennskap til grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og bli kjende med religionar og livsyn som er representert i barnehage
  - Får kjennskap til, forstår og reflekterer over grunnleggende normer og verdiar

- Utviklar interesse og respekt for kvarandre og forstår verdien av likskapar og ulikskapar i eit felleskap
- **Gjennom arbeidet med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna:**
  - Blir oppmuntra til å medverke i eigen kvardag og utviklar tillit til samfunnsdeltaking
  - Erfarer at alle får utfordringar og like høve til å delta
  - Utforskar ulike landskap, blir kjende med institusjonar og stader i nærmijøet og lærer å orientere seg og ferdast trygt
  - Blir kjende med ulike tradisjonar, levemåtar og familieformer
  - Blir kjende med at samane er Noregs urfolk, og får kjennskap til samisk kultur

## **Samarbeidspartnalar**

- PPT Midt-Ryfylke. Vi har eigne rutinar for korleis vi tek kontakt, og samarbeidar med PPT. All kontakt med PPT blir først drøfta med foreldra, og samarbeidet blir mellom foreldra, barnehagen og PPT.
- Helsesøster. Vi tek kontakt i samråd med foreldra. Ho kjem i barnehagen ein gong i året og har ei samling med 5-åringane
- Fysioterapeut. Vi tek kontakt i samråd med foreldra. Ho kjem i barnehagen i saman med helsesøster ein gong i året og har ei samling med 4-åringane
- Barn og familie. Også her har vi eigne rutinar, men blir drøfta med foreldra først

# **Informasjon**

## **Tal barn pr. vaksen**

Hovudregel:

Liten avdeling: 3 barn pr. vaksen

Stor avdeling: 6 barn pr. vaksen

Pedagognorm: Pr.01.08.2018 ble pedagognormen endra. 1 pedagog pr.7 barn under 3 år og 1 pedagog pr.14 barn over 3 år. Vi oppfyller kravet.

Malen me brukar er slik, men på morgonen og ettermiddagen vil det vera færre vaksne. Dette fordi personalet i barnehagen har 7,5 timars arbeidsdag, medan barnehagen er open 8,5 timer.

## Kor mange og kven er her i dag

Me skriv inn barna etter kvart som dei kjem, og kryssar dei ut etter kvart som dei går heim i IST. På denne måten har alle mulighet, og ansvar for å veta kor mange barn det til ei kvar tid er i barnehagen. I utetida blir barna talde kvar halvtime, og kryssa av på teljelister .

Me har rutinar om korleis me går frem dersom eit barn forsvinn frå barnehagen. Denne heng på kvar avdeling. Det heng og rutinar for evakuering dersom det brenn.

## Leik ute i barnehagen

- Barna skal ikkje vera ute aleine, det skal alltid vera vaksne ute saman med barna. Dei vaksne skal vera tilgjengelege på heile uteområdet.
- Barnas skal teljast kvar halvtime.
- Barna skal ikkje gå ut av barnehageområdet, utan ein vaksen.
- Barna skal vera kleddde etter veret
- Barna skal bruka hjelm ved sykling på to-hjulsykkel.

## Leikeapparat

Personalet, med styrar som hovudansvarleg, skal fylgja med og sjekka leikeapparat og leiker i barnehagen for å unngå ulykker. Farlege leiker/leikeapparat må reparerast eller fjernast.

## Tur og tryggleik i trafikken

- Bermanningsnormene gjeld også på tur.
- Alle vaksne skal veta kor mange barn som er med, og barna skal teljast med jamne mellomrom.
- Mobiltelefon skal vera med. Der skal alle telefonnr. til foreldra vera lagra.
- Førstehjelpsutstyr skal vera med.
- Barna og dei vaksne skal ha på seg refleksvest i trafikken.
- Ved ferdsel på trafikkert vei skal ein vaksen gå først og ein sist.
- Allmenne trafikkreglar føljast.
- Trafikkreglar og ferdsel i trafikk tas opp i samling og på foreldremøta. Vi brukar opplegget til «Tarkus» - barnas trafikkvenn.
- Ved turar til sjø og vatn skal minst ein av personalet ha godkjent livredningskurs.
- Husk redningsvestar på turar som krev det.
- Ved turar i private bilar skal ein på førehand innhenta løyve frå føresette.

- Bilen må vera i forskrifts messig stand.
- Barna skal vera sikra i bilen i godkjente bilseter.
- Ved bruk av kniv må barna sitje i ro, 3 barn om gongen med ein vaksen tilstade som passar på.

## Sjuke barn

Smittefarene er stor i ein barnehage. Barnet må difor haldast heime når det er sjukt. Ein grei regel er at barnet må kunna følgja dagsrytmen i barnehagen.

Ved oppkast/diare er det 48 timers regelen som gjeld. Dette for å unngå smitte på dei andre barna og personalet.

Dersom eit barn vert sjukt i løpet av dagen tek barnehagen kontakt med føresette. Blir barnet akutt sjuk eller utsett for ulykke, tek me kontakt med legen, og kontaktar foreldra så fort som mogeleg.

Dersom barnet skal ha medisinar i barnehagen skal dette avtalast med personalet, og det skal fyljast ut eit skjema for medisinering i barnehagen. **Tiltak for å unngå smitte**

- Vask av hender når ein kjem til barnehagen, før mat og etter toalettbesøk.
- Hygieneopplæring.
- Pass på at alle brukar såpe.
- Bruk av papirhandkle.
- Klutar og handkle skal **kun** brukast på eit barn, deretter vaskast på kokevask.
- På turar nyttar ein eingangsvaskeklutar eller sprit.
- Vaska leikene jevnleg, spesielt på småbarnsavdelingane.
- Barnehagen vert reingjort dagleg.

## Opningstid

Barnehagen opnar kl.07.30 og stengjer kl.16.15. Me har høve til å opne kl.07.00 om nokon skulle ha behov for det enkelte dagar. Dette behovet må dokumenterast og søkjast om.

Me ber om at alle føresette overheld opningstida.

Barnehagen er stengt julafra.

**Nyttårsafra og onsdag før skjærtorsdag har me åpent til kl.12.00.**

Barnehagen har **5 plandagar pr .barnehageår**. Desse dagane er barnehagen stengt.

Barna skal leverast og hentast av føresette, dersom ikkje anna er avtalt med barnehagen. Er barnet ditt sjukt ein dag, eller skal ha fri, må vi ha beskjed om dette innan kl.09.30

Barnet skal ha minimum fire veker ferie i løpet av året, tre av desse skal vera samanhengjande i perioden frå 1.juni til 30.september.

## Mat

### Frukost

Nøtteskogen: Frå kl.7.45 til 8.30. Barna får servert frukost i første etasje. Ein dag i veka får dei havregrøt

Toddlertoppen: Frukost frå kl.8.00-8.45

### Formiddagsmat.

Kl. 11.00 et vi lunsj. Ein dag i veka har me varm mat.

### Frukt.

Me har fruktmåltid ca. kl.14.00/14.30. Det blir og servert knekkebrød/brød etter behov.

## Klede og utstyr

Barna bør vere lett kledd innandørs. Til innebruk anbefalar vi sandaler eller tøfler.

Barna må alltid ha regntøy, støvlar og ekstra skifte tøy i barnehagen, sidan vi er ute i allslags ver.

Klede og utstyr til barna må vere godt merka med barnet sitt namn.

Private leiker som barna tar med i barnehagen, kan ikkje barnehagen ta ansvaret for.

## Bursdagsfeiring

I barnehagen feirar vi bursdagane til det enkelte barn med flagg og plakat.

Barnet får vera med å velje farge på papp til krone og vera med ein voksen å lage bursdagskrone. Vidare vert dagen markert i samling der barnet får vera midtpunkt. Sitte på Konge/prinsesse stol, tenne lys og synge bursdagssang.

Ved private bursdagselskap, har me eit ynskje om at de distribuerer invitasjonane til barnas privatadresse. Eller de kan leggja invitasjonen i ein konvolutt med foreldra sitt namn på. Dette av omsyn til dei som ikkje vert invitert.

## Forsikring

Barna er forsikra i barnehagen, på direkte vei til og frå barnehagen. Barna er og forsikra under utflykter arrangerte av barnehagen.

Alle skader i barnehagen som må lege/tannbehandlast, skal meldast på eige skademeldingskjema som barnehagen har i sin H.M.S. Barnehagen har avtale med forsikringsselskapet Waco, kor vi melder inn skader. Foreldra får mail frå forsikringsselskapet når vi melder inn skader.

Det er ein eigenandel på 500,- for utgifter i forbindelse med skader.

## Samtykke

Løyveskjema fyllast ut av foreldra når barna startar i barnehagen. Finnes på heimesida til kommunen.

## Foreldreråd:

Eit foreldreråd består av alle foreldre/føresette i ein barnehage. Rådet skal fremme felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. På kva avdeling er det valt ein foreldrerepresentant som eit spesielt bindeledd mellom foreldra og barnehagen.

## Samarbeidsutval

Samarbeidsutvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og samordna utval. Det skal vera med å drøfta barnehagens ideelle grunnlag og arbeide for å fremme kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

Samarbeidsutvalet skal godkjenne årsplanen. Utvalet består av 2 foreldre/føresette og 2 tilsette. Medlemmane blir valt for 2 år, og leiar for eit år om gongen. Den enkelte barnehage konkretiserer sjølv samarbeidsutvalets mandat og oppgåver.

## **Utvalet består i år av:**

### **Foreldre:**

**Eikenøtt:**Leiar: Jamaa

Nouissri 1år SU

**Hasselnøtt:**Nestleiar: Morten

Merland 1 år SU

**Bøkehemsen:** Helene Jarwson

Pedersen 2år

**Solsikka:** Inger Christina Gjil

2år

**Løvetann:** Therese B.

Thorkildsen 1 år

**Leiar og nestleiar er med i**

**SU.** Samtidig har me valgt å

ta med representantane frå

alle avdelingane i SU møta.

### **Tilsette:**

Ped.leiar: Judith Bergøy, vara Anne Tjeltveit Fagarbeidar:

Kari Synnøve Vårvik, vara Liv Laugaland

Styrar: Margrethe Førre, sekretær og innkallar.

## Forventningar me har til dykk foreldre:

- \* At de gir beskjed dersom andre enn mor og/eller far skal henta barnet i barnehagen.  
Og at dei som hentar barnet gir beskjed til eit personal at barnet blir henta.
- \* At de held garderobeplassen ryddig og sjekkar boksen med bytekler.
- \* At de gir beskjed til barnehagen om barnet ikkje kjem seinast 08.30.
- \* At barnet blir levert i barnehagen før klokka 9.30.
- \* At barnet har med seg klær, og utstyr til all slags vær.
- \* At de respekterar åpningstidene, som og er arbeidstida til personalet.
- \* At de les orienteringar og lappar som blir sendt heim og/eller hengt i barnehagen.
- \* At de les det me legg ut på heimesida, [www.minskole.no/hjelmeland](http://www.minskole.no/hjelmeland) og IST.
- \* At de gjer oss tilbakemeldingar dersom det er ting de opplever bra eller därleg. Bare då kan me gjera noko med det. Fokusere meir på det som er bra, og finne andre løysingar på det som ikkje er så bra.
- \* At de ikkje legg ut bilde tatt i barnehagen på facebook.
- \* At de ikkje filmar i barnehagen.
- \* At bildar de tek i barnehagen bare er av eigne barn.
- \* At de unngår å snakka i mobilen ved levering og henting av barna.
- \* At porten ALLTID blir lukka med lenka på.
- \* At de møter på foreldremøter

## Forventningar frå foreldra til barnehagen:

- \* At barna blir sett og tatt godt imot om morgonen.
- \* At de gir beskjed dersom det manglar klede eller trengs fornyelser.
- \* At foreldra får raskt beskjed dersom det har skjedd noko spesielt.
- \* At det blir skreve nokon stikkord om

det som har skjedd i løpet av dagen, på tavla.

## Årets TEMA: NATUR OG MILJØ

### Rammeplanen kap.9, Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Gjennom heile året vil vi ha fokus på kva som er spesielt ved dei ulike årstidene, og kva vi kan så og hauste. Vi tek utgangspunkt i barnas opplevingar ute i skogen, forsker på livet der. Barna får kvart sitt skogdyr til bumerke, og avdelingane vil bere preg av livet i naturen. Eventyr, rim og reglar og songar vil og vere relatert til natur og miljø.

Vi vil også ha fokus på kildesortering og gjenbruk.

### Språkløyper

I tillegg til temaet Natur og Miljø vil vi også ha fokus på språk og leik. Vi vil gjennom barnehageåret gjennomføre «Språkløyper» som er eit kompetanseutviklingsprogram for å gje barnehagepersonalet økt kunnskap om korleis:

- Bruke språklig deltaking som drivkraft for språkutvikling
- Leggje til rette for å ta i bruk barns språklege erfaringar
- Ha blikk for språk som kan bidra til tryggleik i pedagogiske val i språkarbeidet for heile barnegruppa

### Gleding

Sosial kompetanse er noko vi alltid har fokus på i barnehagen. Etter ein plandag i august kor fokuset var GLEDING, blei

vi inspirert til å jobbe ekstra med dette temaet.

Det Handler om kva vi kan gjere for å glede andre, og ha eit positivt fokus.

- Lære **barna** å glede andre og ta vare på kvarandre gjennom å hjelpe kvarandre og dele med kvarandre
- Korleis **personalet** kan glede kvarandre med tjenester og positive tilbakemeldinger
- Korleis vi samarbeider med **foreldra** på ein best mogleg måte
- Korleis vi tar vare på naturen rundt oss og sprer glede i **nærmiljøet**

Det vil bli laga halvårsplanar med meir konkret innhald innanfor dei ulike områda.

